

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 29.08.2018
SAKSHANDSAMAR: Arve Varden/Tom Guldhav
SAKA GJELD: **Plan for prehospitala tenester - arbeid med mandat for fase 2**

ARKIVSAK: 2013/2681
STYRESAK: **065/2018**

STYREMØTE: **05.09.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret ber administrerende direktør legge opp arbeidet med mandat for fase 2, slik det går fram av saka.
2. Styret vedtar at det særskilt skal leggest vekt på:
 - Fleksible løysingar med god logistikk for å til ei kvar tid sikre innbyggjarane eit best mogeleg tilbod.
 - Rom for vidare utvikling/ending av dei prehospitala tenestene der ein tek omsyn til ending i innbyggjartal, utvikling i infrastruktur, teknologi og eksterne krav til tenesta.
 - Samhandling med kommunane for å levere akuttmedisinske tenester.
3. Styret ber administrerende direktør legge til grunn at ramma for dei framtidige prehospitala tenestene skal ta utgangspunkt i inntektssystemet sine kriterier og budsjett for 2018. Omsyn til tenesta sine kvalitetskrav, arbeidstidsordningar for dei tilsette og den teknologiske utviklinga, og å sjå fylket under eitt, skal og vere sentrale føringar for korleis dei endelege prehospitala tenestene skal modellerast.
4. Utkast til mandat skal leggest fram for godkjenning i styremøtet i oktober.

Oppsummering

Saka skisserer prosess med å lage mandat for fase 2 i prosjekt prehospitala tenester, og inviterer styret til å gje føringar før arbeidet startar.

Frå før av ligg føringar og mandat for fase 1, og vedteken sluttrapport og høyringsinnspel for fase 1, til grunn for det vidare arbeidet.

Fakta

Arbeidet med prosjekt prehospitala tenester har vore delt inn i tre fasar:

- Fase 1: Etablere prosjekt, forankring internt og eksternt. Avklare prinsipp, premissar og rammevilkår. Forankring / høyring.
- Fase 2: Detaljering av modellar.
- Fase 3: Implementering av vald modell

Fase 1 i prosjektet vart gjennomført i perioden frå august 2017 til juni 2018, og tok noko lengre tid enn først tenkt. Mandatet for arbeidet var bygd opp med ein generell del som gjeld alle fasane, og meir spesifikke mål som berre var for fase 1.

Føremål, hovudmål og fire av 12 delmål gjeld for heile prosjektperioden. Likeeins var det sett opp resultatmål og effektmål for heile prosjektperioden.

Med i det vidare arbeidet er også sluttrapporten frå fase 1, og dei høyringsinnspela som kom inn før styregodkjenning i juni. Mandatarbeidet må også ta med seg eventuelle nye føringar som har kome i løpet av arbeidet med fase 1. Eit eksempel på ei slik føring vil vere deltaking i arbeidet med ein legevaktspilot, viss kommunane i fylket får godkjent søknaden om å kome inn under ordninga.

Det er sett av tre møter til å arbeide med mandatet for fase 2. Det første av dei er 6. september. Alle partane som var med i fase 1 er inviterte til å delta i arbeidet. Det er også engasjert ekstern konsulent for å sikre vidare gode prosessar, analysearbeid og god framdrift i prosjektet.

Ferdig mandat skal leggast fram for godkjenning av styret i oktober.

Kommentarar

Det er lagt eit godt grunnlag for å starte arbeidet med fase 2 i prosjekt for prehospitale tenester. Prosjektet er vel etablert, har hatt god medverknad frå alle aktørar og har gjennomført eit omfattande kartleggingsarbeid.

Mandatet frå første fase 1 gjev tydelege føringar for alle prosjektfasane, sjølv om det vil vere naturleg å vurdere dei ein gong til før iverksetting av fase 2. Utifrå det som har kome fram til no i prosjektet er det naturleg at arbeidet i neste fase særleg fokuserer på følgjande tema:

Tema for fase 2 - Prehospitale tenester		
Nr	Hovudtema	Kommentar
1	Samhandling mellom Helse Førde og kommunane	Prehospitale tenester har ei viktig rolle i arbeidet med å utvikle ei meir heilskapleg og betre koordinert «Pasientens helseteneste». Det er ei sterk erkjenning i fase 1 om at kommunane og Helse Førde må samarbeide godt for å løyse felles utfordringar. Legevaktpilot, akutthjelparordning, hjartestartarar og kompetansedeling er nokre av underpunkta
2	Samhandling mellom det prehospitale og det hospitale i Helse Førde	Skjeringspunkta mellom hospitaal og prehospitalt er gjennomgått i prosjektrapporten. I fase 2 kan det vere naturleg å involvere det hospitale området ytterlegare, for å vidareutvikle god logistikk når det gjeld transporttenestene for pasientane.
3	Struktur	Fase 1 legg opp til at avklaringar når det gjeld struktur og organisering for bil, båt, stasjonar og pasientreiser skal gjerast i fase 2. Det skal leggest vekt på fleksible løysingar med god logistikk, for å til ei kvar tid sikre innbyggjarane eit best mogeleg tilbod. AMK sin plass i fase 2 må vurderast opp mot regionalt prosjekt.
4	HMS	Heimevakt og bemanningsplanar er to av områda som vert diskutert i fase 1. Det vil vere naturleg at fase 2 arbeider vidare med tilrådingane i fase 1
5	Kompetanse	I fase 1 vart kompetansen i ambulansetenesta kartlagt og det vart slått fast at nivået er godt. I ei helseteneste i utvikling er det likevel naturleg at dette også er eit tema vidare.
6	Utvikling	I fase 1 vart det sett på nokre døme på innovative grep i prehospitale tenester. I høyringsrunda vart det også spelt inn ønskje om ny teknologi i tenesta. Det, og eventuelle annleis arbeidsområder og arbeidsformer, er lite skildra i fase 1. Tenesta må også vurderast opp mot utviklingsplanen til føretaket.
7	Økonomi	Ramma for dei framtidige prehospitale tenestene skal ta utg.pkt. i inntektssystemet sine kriterier og budsjett for 2018. Omsyn til tenesta sine kvalitetskrav, arbeidstidsordningar for dei tilsette og den teknologiske utviklinga, og å sjå fylket under eitt, skal og

		vere sentrale føringar for korleis dei endelege prehospitale tenestene skal modellerast.
8	Styringsinformasjon	Korrekt og fersk styringsinformasjon er viktig for å ha kontroll med korleis tenestene fungerer. Ein del av den sentrale styringsinformasjonen i den akuttmedisinske kjeda er i dag lite automatisert, og det er lange intervall mellom oppdateringar for nasjonale indikatorar. Prosjektet skal vurdere mogelege forbetringar på området.

Medan fase 1 i prosjektet i hovudsak handla om kartlegging og avklaring av prinsipp, premisser og rammer og ei god forankring, så skal fase 2 konkreterisere dei framtidige prehospitale tenestene.

Hovudmålet for alle dei tre fasane i prosjektet er formulert slik i mandatet frå fase 1:

«Prosjektet “Prehospitale tenester” har som mål å lage og implementere ein overordna plan for heile det prehospitale tenestområdet i Sogn og Fjordane fylke i tråd med føremålet.

1. Tilrå og implementere ein løysing for dei prehospitale tenestene til Helse Førde HF, knytt opp mot dei faglege og regulatoriske føringane som ligg til grunn for det prehospitale tenestområdet og dei økonomiske rammene som gjeld for helseføretaket. Prosjektet skal vidare avklare kva driftsform som best oppfyller mål og føremål. Dette arbeidet inkluderer ei vurdering av lokalisering, flåtestyring, utstyr, bemanning og kompetanse.
2. Gjennomgå, konkretisere, tilrå og operasjonalisere framtidig ansvar, samarbeid, organisering og samhandling mellom Helse Førde HF og kommunane i den akuttmedisinske kjeda, i tråd med akuttmedisinforskriften (2015).
3. Gjennomgå, konkretisere, tilrå og operasjonalisere det framtidige pasientforløpet mellom helseføretaket sine prehospitale tenester og kliniske avdelingar i Helse Førde HF.»

Arbeidet i fase 1 har gjeve viktig kunnskap som underlag til fase 2. Administrerande direktør rår styret til å peike på særleg tre punkt som viktige for den neste fasen:

- Fleksible løysingar med god logistikk for å til ei kvar tid sikre innbyggjarane eit best mogeleg tilbod.
- Rom for vidare utvikling/ending av dei prehospitale tenestene der ein tek omsyn til ending i innbyggjartal, utvikling i infrastruktur, teknologi og eksterne krav til tenesta.
- Samhandling med kommunane for å levere akuttmedisinske tenester.

Konkretiseringa og operasjoniseringa av desse punkta må synleggjerast i arbeidet med mandatet for prosjektet og sjølve prosjektarbeidet.

Konklusjon

Prosjektet har gjennom tidlegare vedtak og denne styresaka klare rammer for å starte arbeidet med mandat. Mandatet skal leggst fram for styret i oktober.

Vedlegg:

Mandat for fase 1 – prehospitala tenester